



## Grøn kvardag!

Lindås Kommune 2005  
Kartlegging av grønstruktur Alversund - Isdal - Knarvik

---

## Forord

Kommunestyret har i sak 101/04 vedteke å revidera kommunedelplan for Knarvik-Isdal-Alver, der Plan- og miljøutvalet har vedteke rammene for arbeidet. Denne rapporten er utarbeida i den forbindelse som eit forarbeid for den nye kommunedelplanen.

Kartlegging av grønstruktur og utarbeidelse av rapport har blitt gjort juli 2005 der ein har gått turer i planområdet og gjort analyser. Lokalbefolkning har vore villige til å gi informasjon og svært hjelpsame med å vise stier og kulturminner i feltet.

Inger Hageberg – Landskapsarkitektstudent ved UMB, Ås. Lindås Kommune 2005

Inger Hageberg

---

*”Tilgjengelege areal med høg kvalitet for friluftsliv må finnast nær bustader, skular og barnehagar. Det er essensielt at areala har kvalitetar som gjerd ei attraktive for friluftsliv. Dette inneber at ein må ta vare på det biologiske mangfaldet, kulturminna og kulturlandskapet, og at ein må sikre at det er mogleg å oppleve fred og ro. For å halde oppe friluftslivet i heile si breidd, må det finnast eit vidt spekter av areal med ulike kvalitetar og ulik gras av tilrettelegging, frå breie turveggar for rullestolbrukarar til inngreps- og støyfrie, store og samanhengande naturområde.”*

## **St.meld. nr29 (MD 1996-97) ”Regional planlegging og arealpolitikk.”**

### **Kva er grønnstruktur?**

Grønnstrukturen er ein overordna struktur i byar og tettstader på linje med transport –og bygnadstrukturen. Grønnstrukturen kan vere meir eller mindre sammanhengande og består av ulike typar grønne område med ulike funksjonar:

1. Overgangsoner mellom tettstad og markaområde.
2. Små og store naturområde i byen inkludert strandområde, kystsona, tjern elvar og bekkar.
3. Parkar, institusjonar, skulegardar, kyrkjegardar og andre opparbeida grønne område.
4. Private hagar/fellesareal i bustadområda.
5. Grøne restområde som både kan ha kultur- og naturpreg.
6. Utmark, LNF – områder, kulturlandskap.

Det er avgjerande at grønnstrukturen er nær bustader, skular og barnehagar og at det er tilgjengelege grønne område av ein viss storleik i nærleiken. Grøne nærområde må dermed maksimum ligge 300meter unna i gangavstand og for barn under 200meter.

### **Grønnstrukturen sin verdi for friluftsliv og opplevingar:**

- verdi for biologisk mangfald
- pedagogisk verdi med ute undervisning
- verdi for folks fysiske og mentale helse
- kulturhistorisk verdi med å understreke tettstadens identitet
- innverknad på det lokale klimaet
- verdi for drenering av avløps- og overflatevatn.

---

## Oppgåve område

Område 1: Alversund - Tveiten, tveitaheiane, alvermarka, ikemberget

Område 2: Isdalen - Knarvik Øst



- Grønncorridorer
- Strandsonenvern - grønne lunger i dei sjønære områda
- Kulturminner og opplevelsesområder
- Rundturer og oppholdsplasser - mosjon og trivsel



Skilting i krysset opp frå Hordasmia og Alvermarka



Utsikt og endestopp på Tveitevarden.



Gamle ruiner til høgre for stien like før toppen.



Utsikt ned igjen til Isdalen.

## Turvei 1: Tveitavarden

### Tveitavarden

Særdeles mykje brukt turmål for både familiar, pensjonistar og trimmarar. Fin tursti med enkelte fine tilrettelagte bruer og overganner, men stiane kan utvidast og utbedrast i sin heilhet. Utsiktlinjer ryddast og kulturminne framhevast. Område ned ... dalen er har ein heilt særlig frodig/ mystisk karakter med store gamle grantrer og ein foss som både er attraktiv sommar og vinter. Fint mål undervegs på turen å oppsøke denne. Området på og rundt fjellet inneheld store mengder kulturminner i form av gamle torvhus, lør og steingarder som gjer området svært flott å ferdast i.

### Tiltak:

- Merke stien med skilting og utarbeide betre sti.
- tilrettelegge oppholdsareal og rasteplasser



Rundturen opp mot Tveitevarden blir mykje brukt av dei mange bebuarane i nærområdet. Pga. frivillig insats er det lagt ut fleire bruer og satt ut skilt slik at det skal vere enkelt og behagelig å ferdast i naturen.



Stiforløpet forandrar karakter etter vegetasjonsforløpet. Den tette granskogen gir eit lukka rom følelse.



Åpen fin myr som tidligare blei brukt som beitemark.



Gamle Kvernhus



Ei gammel bru har mykje kultur.



Store gamle kjempegraner



Ein opplevelse av turterreng



Fossen er eit av høgdepunkta i området.

## Vassvegen

Denne vegen er det mest brukte arealet i heile område 1. Etter vassvegen kom for nokre år sidan, blei Tveitamarka opna opp for mange fleire brukarar. Ein grusa skogsvei strekkjer seg 1500m opp til Tveitavarden og går for det meste igjennom open utmark.

Tiltak:

- Eit grønnareal avsatt til tilrettelegging for ulike aktiviteter vinter og rekreasjon sommar. Ein langbakke kan ryddast slik at det kan brukes som akebakke om vinter, myra demmast opp og kan lett brukast som skeisedam kalde vinterdager, bekken ryddast og opnast slik at dens høge verdi blir framhevd alle årstider.
- Ta vare og til rettelegge arealet ved Ikemberget for vidare bruk av barnehager og som nærområde. Sti frå området inn til vassvegen tilretteleggast slik at ein raskt kjem seg inn i turområdet.
- Få skikkelige ordningar med grunneigarar slik at vassvegen heile tida kan vere open for almenna. Alver Hotell ønskjer å vite om dei kan vere sikkert på å sende turgåarar på vegen. Møter ofte stengde grunder.



Levande vatn er eit attraktivt element både for leik og rekreasjon.



Den bratte bakken kan med få midler bli ein fin akebakke vinterstid.



Forslag til oppdemning og utgraving av myr i Tveitamarka.



Gammal skyteplass frå skytebane



Med 1200 innbyggjarar som bur i området bør dette arealet vernast slik at den viktigaste turvegen blir bevart.



Kyrkjesteinen. Denne stein vart brukt som omlædningsstad når ein kom over fjellet og måtte skifte før ein skulle til kyrkjes.



Fjording på beite ved Ikemberget. Resten av året blir området brukt med lavo av barnehagen.



Godt for kropp og sinn å komme seg ut i naturen.



Vassvegen fører langt opp til fjells og det er dermed svært raskt å komme seg langt uti naturen.



Fin bru leder over bekken.





### Tveitavatnet

Tveitavatnet er i dag lite brukt rekreasjonsarealer men er eit svært fredfullt og harmonisk arealer. Det blei tidligare mykje brukt til bading og skøytebane, men er no noko forureina og lite brukt. Tilkomsten til vatnet er vanskelig både frå nordsida og sørsida.

#### Tiltak:

- Den første biten av skogsvegen burde grusast på nytt og tilretteleggast slik at turgåarar kan komme seg trygt igjennom beiteområdet.
- Tydelige stier som leder ned til vatnet gjenopnast.
- Nye oppholdsplasser i vankanten dersom grunneigar løyver.
- Stengde gjerder ombygges slik at ein komme seg ut om inn på området utan problemer, eller enkle trapper bygges for å komme seg over gjerder og stengsler.



Mange hinder på vegen gjer at ein ikkje til alle tider føler seg trygg når eg ferdast på vege både opp mot Tveitavarden og til Tveitavatnet



Traktorvegen mot Tveitavatnet er sperra med gjerde utan grind. Hadde det vore mogleg å trapp over?

## Turvei 2: Storhøyen – Kvamsvågen

### Storhøyen

Denne turveien kan ein starte med å parkere på Tveiten gamle skule dersom ein ønskje å kjøyre tett til, eller den er enkel å nå til fots for folk i nærområdet. Turveien går igjennom beitemark og kulturlandskap og er forholdsvis kort. Går ein på høgdedraga møter ein mange utsiktpunkt og fine stoppestader undervegs der ein har god kontroll over den travle båttrafikken og med utsikt over store deler av Alverstraumen, Tveiten og Kvamme. Ein kan gå tett inntil sjøen, men den siste biten er lite bratt og ulent.

#### Tiltak:

- Skilting til inngangen.
- Sti heilt ned til vannkanten slik at evt båtturister kan komme i land og gå til eit utsiktpunkt.
- Bok på tveitevarden.

### Kvamsvågen

Sjå eiga vedlegg:



Flott kulturlandskap og enkelt terreng.



Storhøyen er 70 m høg og er eit fint turmål med vakkert utsikt.



### Turvei 3: Øytur – Tveitøyne

Tveitøyne inneheld mykje kulturminner og gammalt kulturlandskap, men er svært uframkommelig slik den er i dag med tett granskog over store deler av øya. For å komme seg til øyene i dag må ein ha båt og komme sjøvegen. Øyene ligg midt i den travle farleia for den indre og nordlige båttraffikken til Bergen. Tveitøyne er i dag svært overgrodd av stor granskog som gjer det vanskelig og ikkje så attraktivt å entre øya. Men dersom ein går i land finn ein svært mange og godt gjøymde skatter. Høge steinmurer frå driftsbygningar og tydelige rester etter gruvesprenging. Frukt og bærplantar fortel at øya også har blitt brukt som nyttehage.

#### Tiltak:

- Hogging av tilplanta granskog. Heile skogen er snart hogstmoden og kan takast ut. Ein treng mykje ekstra-utstyr for å transportere tømmeret over sundet til land, så her trengs støttemidler for å få rydde skogen.
- Rydde badeviker og friareal. Mange fine stader å gå i land. Tilrettelegge oppankring for båttilkomst.
- Tilrettelegging av stisystemer rundt på øya slik at båtturister kjem seg rundt. Kultursti som krinsar rundt dei mange gamle kulturminner på øya.
- Tilrettelegge for rasteplasser og camping.
- Gruvene sikrast med boltrar og ryddast slik at ein kan få fram historia og geologiske spor.



Granskogen er svært dominerande både visuelt og hindrer framkommeligheten.



Søndre del av øya inneheld svært mange tufter og rester etter gardsdrift på øya.



Tveitøyne har mange fine badeviker, men dei treng å bli rydda både for søppel og tett vegetasjon.




På øya finn me mange prøveuttak på gruvedrift. Dette er av det største slaget med ei grotte med størrelse rundt 3m høg og 6m lange.



Geitøyni ligg midt i Alverstraumen. Traffikert område, men lett tilgjengelig og mykje brukt.



Avstandane er små for å komme seg rundt fra øy til øy, men sterk båttraffikk gjere ferdselen urolig.



Kongsøyni har alt. Åpen vegetasjon, steinalderminner og badeviker. Flott landskapselement.



Badevikene er populære og mykje brukt.



Hunden på hundøy har blitt eit vennleg landemerke for Alverstraumen.



### Kongsøyni og Geitøyni

Kongsøyni og Tveitøyni er motsetningar der Tveitøyni er heilt lukka av granskogen og utilgjengelig mot Kongsøyni som er eit naturbeite og åpent. Kongsøyni er i dag eit svært markant landskapselement med sin topografi og frodighet av det heilskapleg bunndekke. Sauer beiter øya og held all vegetasjon nede og det er lett å finne ei badevik. På Kongsøyni har det også vore funn frå steinalderen. Geitøyni ligg svært traffikkert og med urolig sjø, men blir mykje brukt på solfylte dagar.

## Alversund

Svært høg verdi. Kulturhistorisk kjerneområde som fortel om Alversund og Alverstraumen som gammalt senter og trafikknutepunkt. Topografisk landskapsmessig svært interesant med tronge sund, holmar og varierende straumar. Med kyrkje og skule sentralt plassert er dette knutepunktet og kan vere utgangspunkt for mange rundturer.

### Tiltak:

- Verne strandsona mot framtidig utbygging og regulerast til speialområde.
- Setje opp større informasjonstavle med oversikt kvar ein kan gå lengre og kortare turer, historie for området og dagens næringstilbud.



Kongsøyni har alt. Åpen vegetasjon, steinalderminner og badeviker. Flott landskapselement.



Strandsona i Alversund bør takast særlig omsyn til slik at ein ikkje får ein uønska utbygging.



Gamlestova på Tveiten er ein av fleire gamle bygningar ein passerer dersom ein parkerer bilen i Alversund for å gå vidare på tur til Tveitamarka.



Det gamle garveriet står nå til nedfalls, men det er planer om boligutbygging på tomta. Men kva vil vere det beste for strandsona for allmenheten, men også tanken på at vi vil ta vare på ei historie.

#### Turvei 4: Gjennomgang Alver – Alvermarka

Denne strekningen er eit sårt punkt i planlegginga ettersom det er ein stor trafikk av både skuleelever og andre som ferdast dagleg denne strekningen langs riksvegen. I dag finn vi eit større parti mellom Alver og Alvermarka som fremdeles er naturmark med skogsvegetasjon og dyreliv.

Tiltak:

- Lage sykkelvei tvers igjennom skogen frå Alvermarka som kjem ned like bak Alversund skule. Vegen er idag halve vegen ein eksisterande gamal skogsvei medan siste del må grøftast og byggast ned. Denne vege vil vere ein rask snarveg til og frå skulen.
- Skogsvei – ytre leie. Denne stien er tilrettelagt også i dag og mykje brukt. Rydde den enda betre og lage markerte inn og utgangspartier. Starten på "Strandveien."



Alversund skule har ein elevkapasitet på 650 elevar og mange av dei bur i Alvermarka. Ein grønn skuleveg og snarvei igjennom skogen er ønskjeleg.



Den gamle skogsvegen mot Alvermarka



Stien langs sjøsida er bratt enkelte stader...



.... men utsikten er også god.

## Turvei 5: Strandveien

Heile strekninga Alversund – Knarvik kunne i framtida bli lagt tilrette for ein langstrakt strandpromenade. Terrenget i strandsona er bruddvis svært brattlent og kontakten heilt ned til sjøen er fysisk vanskelig pga terrenget eller barrierer av private hus eller naust. Ikkje alle stader er det naturleg eller praktisk mogleg at det skal vere ein promenade. Da det heller kan vere like naturleg å legge vegen innom eksisterande veg

Tiltak:

- Rydde sti
- Legge inn elefantrister, bygge terrengtrapper, gruse.
- Tilrettelegge badeplasser – fellesarealer langs sjøsida.
- Gjestekai som kan dekke heile alvermarka og ikembergetboligfelt.



Av dei få stadene det er mogleg å komme ned til sjø består av private brygger. Gjerne gamle og dårlig stand.



Badeplass ved Alvermarka. Fint men trangt.



Tomter er plassert svært langt utpå kanten og det er vanskeleg eller ingen naturleg veitrase på yttersida. Her burde det satt av areal til ferdsel og opphold.



Større naust hindrer ferdsel strandsona og det blir fort ein svært privatisering.

## Turvei 6: Storvarden

9 000 besøkande skreiv seg ned i boka på storvarden forige år. Dette fortel berre litt av den store massen av mennesker som bruker området flittig kva dag til rekreasjon og friluftliv. Med gamle skulestier frå Ås, Isdal, Gjervik og nystiar frå Knarviksida har vi i dag eit nett av stiar på kryss og tvers som leder oss igjennom eit større areal. Området er svært populært der ein både kan gå kortare og lengre turer. Stikvaliteten, merking og rydding er varierende, men på dei mest brukte stader er det mange frivillige som held stien vedlike.

### Tiltak:

- Plan-sikre nye og gamle stier for eventuell utbygging.
- Gruse og skilte særlig på inngangspartier.



Turvegane opp til Stegane er mykje brukt og kan nesten virke slitte. Ein lag med grus hadde vore bra.



Når ein kjem til Gjervik ser ein mange spor etter kulturlandskap.



Små rasteplasser underveg med utsikt over knarvik i godt ver.



Eit kryss mellom stien frå Idresbana, Kvernhusaugane opp mot Storvarden på indregårdsfjellet.



Stien i Gjervik blir stansa med eit stengd gjerde.





Utsikt frå Storvarden ned mot knarvik



Knarvik mila ekstrem bruker denne bratte strekninga ned frå Storvarden og ned til gamleskulen. Eit tau er lagt ned så ein kan lettare holde seg fast.



Kryss på toppen frå Åse ned mot gamleskulen



Bok på gamleskulen. Populært turmål for ein litt mindre tur.



Bok på Innegardsfjellet .



Her stod gamle skulen for elevar frå Isdal, Åse og Gjervik heilt fram til 1985? I dag er det berre grunnmuren igjen.



Vasstårenet ligg i begynnelsen av dalsida ned mot Isdalen.



Vassvegen går langt innover Lonemyrane og ein kjem seg enkelt langt opp i terrenget.



Lonemyrane kan bli ein fantastisk naturpark og rekreasjonsareale.



Den nye vegen Idreslaget har laga rundt Lonemyrane svært mykje brukt og fint tilrettelagt.



Nystien er ein ny sti som har blitt rydda fram dei sisteåra og som er eit fint alternativ til grusvegen.

### Turvei 7: Lonemyrene.

Dette området er svært verdifullt område både med dyreliv og vegetasjon. I dag har idreslaget lagt ein ny grusvei rundt Lonemyrane som er fint tilrettelagt for alle type brukarar; barnevogner, rullestoler og alle andre. Vannspeglet har store kvaliteter vinter og sommar.

#### Tiltak:

- Lage framtidig naturparkområde av Lonemyrane med oppholdsplasser, opplevelser og aktivitet i eit nærrområde.
- Demme opp myra slik at ein beheld vatnet og dens kvaliteter.

## Turvei 8: Strandpromenaden Isdal – Knarvik øst.



Knarvik kai har veldig mange potensialer til å gjere nokre store tiltak på. Fellesareal med aktiviteter.



Naustmiljø ved Knarvik kai. Her kunne ein legge ein strandsti langs og mellom nausta.



Strandlinje vidareført ned frå Kvassnesmyra er eit ope fint areale. Utsikt mot Røsviknesa.

Denne strekninga er svært varierende med mange stader som er brattlendt og uframkommelig. Men med ulike moduler av trapper, rister, bruer som legges ut undervegs, kan ein få ein sammenhengande veg langs heile strandlinja med utsikt mot sjøen. Særlig strekninga frå Knarvik kai og østover mot Kvassnesmyra og vidare er ei strekning der mange brukarar hadde hatt glede av lettare framkommlighet og opphold.

### Tiltak:

- Rydde og tilrettelegge sti
- Sette ut benker og lage oppholdsplasser undervegs
- Tilrettelegg gjestekai og badeplass for offentligheten
- Knarvik kai omformast til eit fellesareal og kulturknutepunkt



Badeplass og utsikt mot nordhordlandsbrua.



Utsikt over heile knarvik frå Klubben. Eit fin utsiktspunkt og fint rastplass

## Turveg 9: Kvasnesstemma

Kvasnesstemma er i dag det mest etablerte og vellykka grønndraget i planområdet med badeplasser og eit aktivt fugleliv. Med barnehage like nær på, bustadfelt og næringsvirksomheter er området blitt eit godt forbilde på korleis ein kan gjere framtidig tilrettelegging med opphold og aktivitet.




## Turområde 10: Haglesundet og Juvikvarden.

Dette er nærområder som ikkje er særleg tilrettelagt men blir mykje brukt som friarealer og uorganisert leik. Området rundt juvikvarden blir særleg mykje brukt av barneskule og barnehage. Den blir såkalla "100m-skogen" og er eit heilt nødvendig areale for nærområdet. Halesundet er mykje tilgrodd og ulent, men området inneheld mange fiskeplasser og spennade oppholdsarealer.

Tiltak:

- Etablere fleire oppholdsplasser i skogsåpninger.
- Betre snarveifunksjonene igjennom området. Vise tydligare inngangsportene til området. Lede tydig ned til skulearealet så skuleelevane kan lett bruke grønnarealet.
- Tilrettelegge fiskeplassar – rekkverk på dei brattaste knausar.
- Skilte til klubben utsiktspunkt.



Her kunne det tilrettelagt for fiskeing. Haglesundbrua - støyfult friareal under

100mskogen bør "gjennopnast".

## Turområde 11: Isdalen og Isdalstø

Gardane i Isdalen har eit høgt status som verneverdig kulturminne med sin typisk vestlandsk byggeskikk og klyngetun heilt tilbake frå 1500-tallet. Denne dalen har eit heilt særlig historisk preg over seg og turen bør leggest nedom eller igjennom dalen. Ikkje berre gardbygningane er verdt eit besøk, men også dei høge, fine steingardane og løer som ligg lunt bak på ei slette mot Leitane. På vegen opp til dette området finn vi også eit kvernhus og ein gravhaug.

Tiltak:

- Skilte eller til rettelegge ein inngang mellom husa og opp til marka bak.



Isdalsgardane er opplevelse av typisk vestlandsbyggeskikk.



Gammal fint kvernhus ved Isdal



Eit fasinierende kulturlandskap med lange høge steingardar.



Steinløene er store og flotte, men bør snart vedlikeholdes.



Isdalstø kaiområde. Sjøportalen til Lindås? Med meir og bedre tilrettelegging av parkeringsplasser, gjestekai og fellesarealer.



Lage grønn korridorer...


Kva er feil?



Skilte tydlig og i god tid ved dei sentrale stader



Lage trapper/ tilrettelegge der ein møter hinder



Verne strandsona og lage fellesaktivitet framfor boligutbygging



Tilrettelegge nærrområder i tettbygde strøk



Vi mangler fellesarealer til sjønære områder !



Fellesplasser



Leik!



Oppholdsplasser!



Rekreasjon!



---

## Kulturminner:

- k1    gamal kai
- k2    rester etter gruveforsøk
- k3    sommarflorer
- k4    steinalderfunn
- k5    kvernhus
- k6    runestein
- k7    kvernhus
- k8    gamal bru
- k9    kvernhus
- k10   utelove
- k11   ruin etter torvhus
- k12   mjelkehus
- k13   ruin etter torvhus
- k14   ruin etter torvhus
- k15   kyrkjestein
- k16   gamal skytterstad
- k17   steinalderfunn
- k18   kaimiljø - garveri
- k19   kvernhus
- k20   gravhaug, funn
- k21   mange, store steingarder og steinbygninger
- k22   gamleskulen
- k23   torvhus
- k24   kvernhus
- k25   laksefeste

*Opplysningane er henta inn og avbilda i feltarbeid og kva som er synlig i dag.*



---

## Forklaring til kartanalyser

### Sone 1:

Større heilskaplege område avsett til mosjon og turbruk. Innehelder kulturlandskap og skogsløyper. Områda blir mykje brukt, har utsiktpunkt og er egenar seg ekstra godt til rekreasjon.

- Nye tiltak for mosjon og friluftsliv bør lokaliseras her.
- Parkeringsplasser bør plasseres eller utvides her.
- Hogging av enkelttreer for å holde nede utsiktlinjer og lysninger.

### Sone 2:

Restarealer og nærområder som skaper viktige grønrommer i nærhet av bebyggelse.

- Nær boligbebyggelse skal det tas særlig hensyn til lek
- Stisystemer og evt sykkelstier skal vere særlig godt tilrettelagt og skilta.

### Sone 3:

Bebyggelse av næringsvirksomhet, institusjoner og bustad.

- lokale leikeplasser og møteplasser
- parkbeplantning langs veier og plasser for å mjuke opp områda og få inn ein grøn profil.

### Strandsona:

Heile planområdet har ei lang strandsona mot sør og vest. Dette er absolutt ein stor kvalitet. Det er mange bebuarar innanfor denne plangrensa, men diverre fåtall har adgang til strandlinja.

- vernast for offentligheten – bygningar som ligg her bør tas særlig hensyn til.
- tilrettelegge badeplasser alle kan nytte
- stisystem langs heile strandlinja
- tilrettelegge grønndrag og rekreasjonsareal heile vegen.

### Generell beskrivelse:

- Alle elvelaup bør ryddast og holdast opne. Elvelaup skaper opplevelse, rom for lek og aktivitet. Flora og fauna er også svært særlig i eit elveløp. Dersom bekker og elver kan holdast reine vil vi finne fisk i vannet, fugleliv insekter og andre dyr. Vannliljer, sukkulente planter og fuktighetstålende planter gir eit særlig frodig preg.
- Alle sti-innganger og dei større rundturer skal skiltas godt. Ei infotavle med kart over kva tura ein kan gå

---

Kjelde:

- [www.odin.no](http://www.odin.no)
- håndbok 23 – 2003 Grøn by .... arealplanlegging og grønnstruktur.  
Direktorat for naturforvaltning
- kontaktpersoner:
  - Per Løddøen
  - Bjarne Nyhammer
  - Øyvind Eikefet
  - Trygve Mjøs
  - Asbjørn Mjøs
  - Kåre Jordal
- ulike tidligere skrevne rapporter og planer for knarvik og alver